



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Samferdselavdelinga
Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Knut Djuve

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region vest	Kaisa Tonheim Banne / 55516273	16/168345-2		30.12.2016

Oversending frå fylkesutvalet – Varslingsrutinar ved hendingar på vegnettet

Vi viser til oversending frå fylkesutvalet:

Mona Røsvik Strømme (H) viste til fleire ras på E16 i sommaren 2016, og bad om å få eit notat om varslingsrutinar ved hendingar på vegnettet.

Politiet har ei sentral rolle ved varsling av hendingar på veg og er ofte dei som vert varsla fyrst ved ulukker og alvorlege hendingar på vegane. Andre redningsinstansar som ambulanse eller brannvesen kan også bli varslet om hendingar. Politiet har et overordna ansvar for vidare varsling.

I Statens vegvesen har Vegtrafikksentralen (VTS) ei viktig rolle i all intern og ekstern varsling. VTS skal varsle politiet og relevante redningsetatar, dersom Statens vegvesen fyrst tar mot informasjon om alvorlege hendingar.

Statens vegvesens vegtrafikksentralar bruker ei rekke kanalar for sikre rask informasjon til trafikantane om vegstengingar og moglege omkøyringsvegar.

- Kartbaserte trafikkmeldingar på vegvesen.no
- Trafikkmeldingar på Twitter
- Tett samarbeid med radiokanalene
- Telefon 175
- NRK Tekst-TV (side 700)

VTS slår og på alle skilttavler og fjernskilting der det er mogleg. Vegvesenet skal så snart som råd varsle om hendinga til entreprenørar med ansvar for lokale driftskontraktar. Entreprenørane skal setje ut beredskapsskilt i tråd med det som er avtala i dei enkelte driftskontraktane.

For den aktuelle strekninga det er stilt spørsmål til, skal entreprenøren setje ut beredskapsskilt og skiltvogner ved rundkøyringa aust for Vangstunnelen, langs E16 der det naturleg mellom Trengereid og skadestad, Øystese, Kjerland, Hardangerbrua og Vallaviktunnelen og i Tokagjelet. Dette for å varsle trafikantar på vegen tidleg om vegstenging og moglege omkøyringsvegar. Entreprenøren skal

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

vidare sende ut vaktar og dirigentar for trafikk over fv. 7, i fyrste omgang 3 personar og ein bil. Ein vakt plasserast i Granvin (ved ambulansegarasjen) og ein ved Fyksesund bru for å dirigere trafikken, med særskilt fokus på store køyrety. Ein person køyrer imellom og kontrollerer trafikkflyten. Det er samband/kommunikasjon mellom dirigentane/vaktene til ei kvar tid. I neste fase må entreprenøren sette inn fleire vakter og dirigentar og sette i gang kolonnekøyring.

Entreprenørane følgjer nøye med vérvarsel og er i særskilt beredskap i periodar med mykje nedbør, for å førebu seg på å setje i gang varsling og dirigering raskt. Dette sparar mykje tid.

Med hilsen

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Kaisa Banne
Seniorrådgjevar

Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.